



**Saksbehandlar:** Peter Olav Lura

**Rådmann:** Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

## Kommunale gebyr 2024

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunale gebyr for 2024 blir vedtekne som det går fram av vedlegg «Kommunale gebyr 2024».

### Saksutgreiing

#### Samandrag

Sjå vedlegg.

#### Bakgrunn for saka

### Saks- og faktaopplysningar

Sveio kommune legg i hovudsak opp til at det skal betalast gebyr i tråd med det kostnadsnivået tenestene har. Rådmannen vil i hovudsak leggje til grunn ein kostnadsvekst i Sveio kommune til 2024 på 4,3 %. Dette gjer at auke i gebyr på meir enn 4,3 % i prinsippet inneber realauke i gebyret. På same måte vil ein lågare auke innebere ein realnedgang i gebyret.

Kommunal deflator er eit mål for kostnadsveksten for kommunesektoren. Den er ein vekta sats for lønnskuttgifter og kostnadsvekst i sektoren. Forventa deflator til 2024 er i følgje statsbudsjettet 4,3 %. Ved fastsetting av gebyr til 2023 var det venta ein deflator på 3,7 %. Siste anslag no, er ein deflator til 2023 på 4,5 %. Denne ekstra auken i forhold til føresetnadane gjer at det truleg først er når gebyrauken frå 2023 til 2024 er 0,8 (4,5 % - 3,7 % = 0,8 %) prosentpoeng høgare enn forventa deflator til 2024 (5,1 %), at det er snakk om ein realauke i gebyra i Sveio kommune.

Det er tildels høg auke i gebyra på enkelte kommunale gebyr som skal halde seg innafor sjølvkost. Årsaka er i stor grad auke i kalkulatoriske kapitalkostnadar og underskot i forhold til sjølvkost over fleire år. På sjølvkostområde vatn er det om lag kr 5 000 000 kroner i akkumulert underskot, som ikkje kan krevjast dekt av gebyrinntekter, siden det er over 5 år gammalt. Dette inneber at tenesta er

subsidiert med ordinære kommunale midlar, i staden for å bli betalt gjennom gebyrbetaling frå tenestemottakarane. Samla sett er auken frå 2023 til 2024 på i gjennomsnitt 9,3 prosent. Dette er høgt, men truleg ikkje høgare enn for andre kommunar. Vedlagt ligg samanlikning av kommunale gebyr, på VAR-området, for relevante samanlikningskommunar.

Område	Inntekter 2023	Prosent	Auke (%)	Vekta
Vatn	12 012 618	40,8 %	13,80 %	5,63 %
Avløp	5 350 152	18,2 %	13,80 %	2,51 %
Slam*	2 222 437	7,5 %	0	0,00 %
Renovasjon	8 643 900	29,3 %	2 %	0,59 %
Feiing	1 238 870	4,2 %	14,30 %	0,60 %
Sum	29 467 977	100,0 %		9,3 %

\*gjennomsnitt 2022 og 2023

Tabellen over visar dei forventa inntektene på dei ulike område for 2023, og deira prosentvise fordeling. Ved å vekta planlagd gebyrendring på dei ulike områda i forhold til forventa inntekter, får ein ei vekta gebyrauke for alle områda samla, på 9,3 prosent frå 2023 til 2024.

Alle bygg som koplast til kommunalt vatn etter 1.1.2021 skal ha installert vassmålar. Vassmålar leverast av kommunen og installasjon dekkast av abonnenten. For 2024 så er abonnementsgebyr for utvendig kran (-9,8 %) og naust (10,6 %), sett lik gebyr for fritidsbustad. Gebyr for driftsbygning er sett lik gebyr for fritidsbustad, dette er ein kraftig auke, men likevel truleg lågare enn etter reelt forbruk. Sjå meir informasjon i vedlegg, under punkt AD10.

På område oppmåling har Sveio hatt høge gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrund, i forhold til andre kommunar i området. Desse gebyra er redusert med 2 grunngbyr (GB (kr 7 218 \* 2)), samtidig er grunngbyret auka med 6,5 prosent for å oppnå ein samla gebyrauke på 7,0 prosent på området.

Når det gjeld plansaker så er gebyret for reguleringsendringar etter forenkla prosess redusert med 0,5 GB til 1,0 GB. Vidare er det lagt inn gebyr på 0,25 GB for mangelfulle plansaker der firma med sentral godkjenning eller tilsvarende erfaring er søkjjar.

#### Gebyr 2024 oppsumert:

- 1) Husleige: Leige for bustader aukar tilsvarende konsumprisindeksen siste år. Per oktober 2023 er KPI 4,0 %. Andre leiger endrast i tråd med gjeldande kontrakt.
- 2) SFO: Satsane vert auka med 4,3 %.
- 3) Barnehagesatsar: Satsane blir uendra for fyrste halvår av 2024. Makspris fastsettast årleg i statsbudsjettet. Den er foreslått redusert til kr 2 000,- per måned for fulltidsplass frå 01.08.2024. Pris på deltids plassar vil bli redusert tilsvarende endring i makspris frå 01.08.2024.
- 4) Heimetenester, tryggleiksalarmar o.a.: Satsane på tryggleiksalarm aukar i tråd med kommunal deflator med 4,3 % til 2024. Maksimal samla eigenandel per måned til heimhjelp ved inntekt under 2 G følgjer makspris vedteke av Stortinget.
- 5) Matombringning: Satsane på matombringning vert i gjennomsnitt auka i tråde med kommunal deflator på 4,3 %.
- 6) Opphald sjukeheim: Satsane for korttidsplass og dagplass blir vedteke i samsvar med maksimalsatsar vedteke av Stortinget. Satsane for 2024 vert meldt til kommunane i løpet av desember 2024.

- 7) I forhold til forventa sjølvkost vert gebyra for plan auka med 9,3 %, gebyr for oppmåling auka med 7,0 %, og byggesak auka med 12,3 %. Auken er gjort for å nærma seg sjølvkostgraden andre kommunar har på tenestene.
- 8) Renovasjon: I forhold til forventa sjølvkost, vert gebyra auka med 2 %.
- 9) Slamtøyming: I forhold til forventa sjølvkost vert gebyra haldne uendra frå 2023 til 2024.
- 10) Vatn: I forhold til forventa sjølvkost vert gebyra auka med 13,8 %. Gebyr for tilkopling vert halde uendra.
- 11) Avløp, reinsing: I forhold til forventa sjølvkost vert gebyra auka med 13,8 %. Gebyr for tilkopling vert halde uendra. Gebyr for driftsbygning er sett lik gebyr for fritidsbustad, dette er ein kraftig auke, men likevel truleg lågare enn etter reelt forbruk. Sjå meir informasjon under punkt AD10.
- 12) Feiing og tilsyn: Gebyra er differensiert i forhold til kor ofte ein har feiing/tilsyn. Gebyra er auke i tråd med forventa sjølvkost med 14,3 % til 2024. Fyringsanlegg for oppvarming av bygg på gass faktureras kunn for tilsynsavgift.
- 13) Kulturskulen: Satsane vert auka i tråd med kommunal deflator med 4,3 %.
- 14) Borgarleg vigsel: Satsane vert auka i tråd med kommunal deflator med 4,3 %.
- 15) Fondsutvikling sjølvkost: Oversikt over fondsutvikling.

#### **Innkome merknadar**

Ingen.

#### **Konsekvensar**

Sjå vedlegg.

#### **FN sine berekraftsmål**

Ikkje vurdert.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Sjå vedlegg.

#### **Beredskap**

Ikkje vurdert

#### **Vurdering**

Sjå vedlegg.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Sjå vedlegg.

#### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Sjå vedlegg.

**Vedlegg:**

Samanligning av kommunale gebyr med andre kommunar